

## Planinitiativ fv. 271 Sjukehusvegen

Vestland fylkeskommune ønsker å setje i gang eit planarbeid som skal legge til rette for at det kan byggjast fortau langs fv. 271 Sjukehusvegen i Lærdal.

### Bakgrunn

Det er eit dårleg tilbod for mjuke trafikantar frå bustadområda ved sjukehuset i Lærdal og inn til Lærdal skule og sentrum i Lærdal elles.

Det blir derfor planlagd fortau langs fv. 271 Sjukehusvegen frå bustadområda, over Lærdalselvi og mot sentrum. Frå Sjukehusvegen og vidare mot skule/sentrum er det eit tilbod langs mindre trafikkerte gatar.

Eks Øye bru er smal og i ganske dårleg teknisk tilstand. Som ledd i tiltaket ønsker vi derfor å bygge ei ny bru med fortau. Eksisterande bru blir riven når ny er bygd. Ei førebels vurdering er at ny bru bør vere oppstraums den eksisterande, og at fortauen skal liggje vest/nord for køyrevegen.

### Mål

Legge til rette for betre forhold for mjuke trafikantar frå Ofta/Sjukehusområdet inn mot Lærdalsøyri.

### Samfunnsmål


- Ei samanhengande gang- og sykkelvegløysing skal gjere det meir attraktivt å gå og sykle mellom Ofta, Lærdal sjukehus og sentrum, spesielt for born og ungdom som bur i dette området.
- I tillegg til betre trafikktryggleik vil dette bidra til betre folkehelse og meir miljøvenleg persontrafikk.
- Prosjektet skal i gjennomføring bidra til at Vestland fylkeskommune når sine klimamål og bidra til at Lærdal sine mål gitt gjennom visjonen «Grøne Lærdal» blir nådd.

### Effektmål

- Fleire som går og syklar frå bustadområda, Lærdal sjukehus og Lærdal sentrum.
- Ein tryggare situasjon for alle trafikantgrupper, men spesielt for skuleborn.

### Planområdeavgrensing


Den opprinnelige bestillinga internt i Vestland fylkeskommune går på å utarbeide plan frå Skulevegen til Ofta, der det er ein gamal reguleringsplan.



Internt i fylkeskommunen er det kome innspel om å ta med strekningen frå Skulevegen til rv. 5, slik at ein har plan for fortau og bort dit. Vi har og hatt dialog med Statens vegvesen, som signaliserer at dei truleg ganske snart vil starte eit planarbeid for krysset rv. 5/Sjukehusvegen, eventuelt inkludert strekningen langs rv. 5 frå krysset opp til Erisletta. Vi ønskjer å ta med strekninga bort til rv. 5, men ønskjer av omsyn til framdrift ikkje å samordne planarbeidet med Statens vegvesen sitt arbeid.

Langs Sjukehusvegen tek vi med nok areal til anleggsgjennomføring, og til at det truleg vil bli ei ny bru oppstraums den eksisterande (vi sjekkar ut om mellombels Baileybru kan vere aktuelt, denne vil da og bli plassert oppstraums. Vi må og ta med areal for eventuelle tilpassingar av parkeringsareal/vare-levering på sjukehuset sitt område og til justering av snuplass for buss.

#### Utkast til planområde:



Ei kuttliste bli aktuell for tiltaket om det blir meir kostbart enn dei rammene vi har. Ved eventuelle kutt er det viktigare å få bygd fortau heilt opp til Ofta aust enn fram til rv. 5.

#### **Plantype**

Det skal utarbeidast ein detaljreguleringsplan.

#### **KU-krav**

På grunn av ny Øye bru over Lærdalselvi (nasjonalt laksevassdrag) har vi vurdert (ut frå KU-forskrifta §10, tredje ledd, pkt. a) at det er krav om utarbeiding av konsekvensutgreiing. Vi ønskjer å avgrense konsekvensutgreiinga til å vurdere konsekvensane bygging av ny bru vil ha for Lærdalselvi. Det er ikkje krav om utarbeiding av planprogram.

#### **Økonomiske rammer**

I handlingsprogrammet er det lagt inn 80 – 150 mill. 2022-kr. til tiltaket. I økonomiplanen er det lagt inn 156 mill. 2023-kr, ein stor del av midlane i perioden 2023 – 2026. Det er set av 1,5 mill. kr. til planlegging i 2023.

#### **Standard for tiltaket**

Vi legg opp til å bruke gatedelen i vegnormalen N100 Utforming av veger. Det blir lagt opp til ein 6 m brei køyreveg med eit 2,5 m breitt fortau.

#### **Føringar i gjeldande planar etter plan- og bygningslova**

Ved ein gjennomgang har vi funne desse føringane:

#### Kva føringar ligg i kommuneplanens arealdel?

Kommunedelplan Lærdalsøyri frå 2008 er gjeldande plan. Fortau lang Skulevegen ligg inne der, planarbeidet er i tråd med denne planen.

Lærdal kommune arbeidar med revisjon av arealdelen til kommuneplan som var på høyring i 2022. Dette tiltaket er ikkje spesifikt nemnt i utkastet, men eksisterande reguleringsplanar, ma. Ofta-Skulevegen er gjennom kart og føresegner til dels gjeldande.

## Gir kommunens planstrategi nokre føringer for plan – og influensområdet?

Det ligg inne i kommunen sin planstrategi at gjeldande plan Ofta – Skulevegen bør reviderast, og det kommunale planarbeidet som pågår sør for Lærdalselvi i Hanseskogen er nemnt.

## Kva føringer er gitt i eksisterande reguleringsplanar som ligg innafor eller grenser inn til planområdet?

I tillegg til planen Ofta-skulevegen frå 2008, som legg til rette for gang- og sykkelveg/fortau langs fv. 271 Sjukehusvegen, er det nokre planar av varierande alder som ligg inn til Sjukehusvegen på begge sider av elva der det er bustadområde, og ved Sjukehustet.

## Er det pågående planaktivitet i plan – og influensområdet? Og i så fall, gir desse nokre føringer?

NVE arbeider med moglegheitsstudie for flaumsikringstiltak for Lærdalsøyri, frå Voll bru og ned.

Lærdal kommune har på høyring planar for bustader ved m.a. Hanseskogen inn til fv. 271. Dette bustadarealet er og lagt inn i utkast til kommuneplanen sin arealdel.

## Er det planar om å starte opp planarbeid i plan- og influensområdet? Om så, kva?

Helse Førde har signalisert plan for sjukehusarealet. NVE sine planar vil munne ut i ein reguleringsplan etter kvart. Statens vegvesen vil truleg snart starte eit arbeid med utbetring av krysset rv. 5/fv. 271, der dei kanskje vil ta med breiddeutviding av rv. 5 opp til det avslutta prosjektet på Erisletta.

## **Vurdering opp mot anna lovverk**

Vassdragslova/konsesjon kan vere aktuelt, dette vil bli avklart i planprosessen.

Omsynet til naturmangfaldslova vil og bli avklart i planprosessen og konsekvensutgreininga knytt til Lærdalselvi. Der vil og vassforskrifta bli avklart.

Jordlova og jordvern vil vere eit tema.

Sygnir arbeider med utbygging av Ofta kraftverk, med m.a. kablar etc. inn i dette planområdet. Det må vere kontakt mot Sygnir for å unngå at kablar blir lagt slik at de må flyttast.

## **Tema i planarbeidet**

Ei kort førebels vurdering av aktuelle tema no ved oppstart av planarbeidet.

Utgreiingar og analysar.	
Landskapsbilete	Må vurderast. Området nær sjukehuset med park, parkering, busshaldeplass etc. vil vere eit sentralt tema.
Naturmangfold	Må vurderast. KU for dette temaet pga. nasjonalt laksevassdrag. Elles nærliek til utvalde naturtype oppstraums (og nedstraums).
Kulturarv	Lærdal er kandidat KULA Sogn og Fjordane. Avgrensinga går ikkje inn i dette planområdet, er frå planområdet og oppover dalen. Har ikkje fått avklart om arkeologiske registreringar er nødvendig.
Friluftsliv/by- og bygdeliv	Vurdering i planomtalen. Turvegar, parkering ved Ofta og andre stader.
Naturressursar	Arealrekneskap jordbruksareal. Nasjonalt laksevassdrag vil vere relevant her og, konsekvensutgreiling blir utarbeida. Det er mykje landbrukstrafikk langs vegen med store maskinar, det går beitedyr på areala inn til vegen. Samleområde for sauesanking ved Ofta. Det ligg anlegg for jordbruksvatning langs vegen. Data om dette må innhentast frå grunneigarar.
Grunntilhøve, skred, flaum (geoteknikk, forureina grunn mv.)	Flaumvurderingar/høgde bru vil vere eit viktig tema. Må utføre grunnundersøkingar og vurdering av fundamentering av spesielt bruene, enkel vurdering og av vegtiltaket. Oppe ved Ofta så vidt inne i skredfaresoner.

Utgreiingar og analysar.	
Massehandtering/handsaming av overskotsmassar og andre tema knytt til gjennomføring	Må setje av nok plass til handtering av massar. Ikkje stort omfang massehandtering, truleg eit lite masseunderskot? Kor kan massar hentast frå? Kan vere aktuelt å få massar frå m.a. tunneloppgradering og frå utbygging av Ofta kraftverk. Kommunen har planar om å regulere eit areal for mellomlager av massar på Lærdalsøyri.
Klima	Utføre m.a. VegLCA-berekning. Temaet er viktig og ut frå kommunale visjonar om «Grøne Lærdal».
Ingeniørgeologi	Skredfaresoner ved Ofta.
Samfunnstryggleik (Risiko- og sårbarheitsanalyse)	Utføre ROS-analyse iht. PBL. Sjukehuset og tilkomst til det vil vere eit naturleg tema.
Støy	Vi skal bygge fortau langs eks. veg som tilbod til mjuke trafikantar. Legg om vegen ved Øye bru, truleg litt utviding elles. Må gjennomføre støybereking. Litt uavklart om tiltaket utløysar krav om tiltak, men truleg. Låg fartsgrense og trafikkmengde, vil truleg ikkje bli krav.
Trafikktryggleik	Inngår i vegplanlegginga og utforming av tiltaket. Trafikkbiletet ved sjukehuset er i dag uryddig, det må m.a. ryggast inn ved varelevering. Ved busshaldeplass kan tilrettelagd kryssing med intensivbelysing vere aktuelt. Det er trafikk med store landbrukskjøretøy langs vegen. Utrykkingskjøretøy trafikkerer til og frå sjukehuset. Å sjå på fartsnivå og tiltak i samband med dette kan vere aktuelt. Ev. fråvik skal behandlast før offentleg ettersyn.
Trafikale tilhøve	Vi skal bygge fortau, fokus på mjuke trafikantar. barn og unge, skuleveg. Dei yngre borna har i dag gratis skuleskyss pga. farleg skuleveg.
Arealbruksendringar og andre regionale og lokale verknader	Det er lokale verknader som er aktuelt. Må vurdere kor store inngrep vi skal ha på dyrka mark, spesielt ved trafo ved Øye bru. Blir inngrep i nokre hagar og inn på sjukehusområdet.
Nytte-/kostnad	Anleggskostnader blir berekna med Anslag.

## Framdrift

Det er som nemnt set av midlar i vårt handlingsprogram til bygging av tiltaket. Vi vil derfor prøve å halde god framdrift i planarbeidet. Om alt går greitt i utarbeiding og handsaming av planen kan det vere mogleg med eit planvedtak våren 2024.

20230330/VLFK